

Forvaltning av hjort i Stjørdal

Forslag til forbedringer

Vebjørn Veiberg
Arve Aarhus

Trondheim 11. april 2019

UPUBLISERT

TILGJENGELIGHET
Åpen

PROSJEKTLEDER
Vebjørn Veiberg

ANSVARLIG FORSKNINGSSJEF
Bente Rønning

OPPDRAGSGIVER(E)/BIDRAGSYTER(E)
Stjørdal kommune

OPPDRAGSGIVERS REFERANSE

KONTAKTPERSON(ER) HOS OPPDRAGSGIVER/BIDRAGSYTER
Stian Almestad

Innhold

1	Bakgrunn	3
2	Historisk bestandsutvikling	4
2.1	Tog og trafikk	5
2.2	Kunnskap om arealbruk og sesongtrekk	7
2.3	Sett hjort.....	7
2.4	Opplysningar frå felte dyr	10
2.5	Beiteskader og andre konflikhtar	12
3	Kommunale rammer og målsettingar for forvaltninga av hjort i Stjørdal	13
3.1	Inndeling av jaktvald og soner for ulike minsteareal	13
4	Dagens forvaltning av hjort i Stjørdal	16
4.1	Bestandsplanar.....	16
4.1.1	Overføring av restkvoter mellom år	16
4.2	Grovt om «jaksituasjonen» i dei ulike valda	16
5	Diskusjonsmøte med representantar frå valda.....	18
5.1	Forslag til alternative modellar for fordeling/overføring av jaktløyver innan vald.....	18
5.1.1	Overføring av fellingsløyver mellom jaktfelt.....	19
5.1.2	Tildeling av restkvote	19
5.1.3	Overgangsavtalar for jegerar/jaktlag	20
5.1.4	Andre ordningar	20
6	Konkrete tilrådingar for hjorteforvaltninga i Stjørdal.....	21
6.1	Auka samarbeid innan valda	21
6.2	Felles møteplassar	21
6.3	Styrka kunnskapsgrunnlag	21
7	Referansar.....	22

1 Bakgrunn

Stian Almestad ved Stjørdal kommune tok kontakt med NINA for å få innspel på korleis ein kunne løyse utfordringane knytt til forvaltninga av hjort innan kommunen. Hjort- og elgforvaltninga i Stjørdal er godt organisert gjennom sju jaktvald som alle har fleirårige bestandsplanar. Tradisjonelt har det vore forvaltninga av elgen som har stått mest sentralt både med omsyn til interesse og ressursbruk. Organiseringa av den lokale hjorteviltforvaltninga har derfor også primært tatt utgangspunkt i elgen.


Dei siste åra har ein opplevd at hjortebestanden i Stjørdal er i rask vekst. Dette medfører lokale utfordringar knytt til beiteskader på skog og innmark. Det er derfor eit ønske om å auke uttaket av hjort for å få kontroll med bestandsutviklinga. Følgjande moment vert trekt fram som hinder for ei effektiv bestandsforvaltning:

- Hjorten er ulikt fordelt mellom jaktvalda. Kombinert med at det har vore liten tradisjon for å drive reindyrka hjortejakt/-forvaltning, har dette gitt ei utfordring i forhold til å oppnå ei kontrollert bestandsutvikling og eit ønska jaktuttak.
- Enkelte av jaktlaga som disponerer elg- og hjortejakt innan eit terreng er i for liten grad interessert i å jakte hjort etter at elgjakta har blitt avslutta. Det er elgjakta som har blitt prioritert. Dette har ført til at desse jaktfelta i realiteten ikkje har vore tilgjengelege for jegerar som ønskjer å prioritere hjortejakt. Den lange jakttida på hjort har dermed ikkje blitt utnytta så godt som den kunne ha blitt.
- Ulike kjønns- og aldersklassar hos hjorten er forskjellig fordelt mellom og innan valda. Enkelte område har mest bukk, medan andre har overvekt av koller og kalvar. I dag er det felles krav for alle vald i forhold til kjønns- og aldersfordeling i jaktuttaket. Dette medfører at enkelte jaktfelt fyller sine tilgjengelege kvotar, medan andre ikkje feller ein einaste hjort.


Skeivfordeling av nytteverdiar og kostnader, og ulik geografisk fordelinga av dyr både i løpet av og utanom jakttida, er klassiske utfordringar innan hjorteviltforvaltninga. Kva som er gode/fungerande løysingar av slike utfordringar vil derimot variere frå område til område. I den påfølgjande delen av prosjektnotatet vil vi gi ei samanstilling og vurdering av relevant informasjon knytt til forvaltninga av hjort i Stjørdal. Vi vil deretter presentere forslag til aktuelle tiltak som kommunen i lag med grunneigarane kan ta opp til vurdering.

2 Historisk bestandsutvikling

Ifølgje opplysningar frå Statistisk sentralbyrå (SSB), vart dei første to hjortane felt i Stjørdal i 1969 (figur 1). I dei neste 20 åra var det inga auke i fellingstala. Etter 1990 har det vore ein jamn auke i fellingstala fram til 2013. I 2014 vart fellingstalet kraftig redusert (42 %) samanlikna med føregåande år. Utviklinga i dei påfølgjande åra viser derimot ein rask vekst i fellingstala (figur 1). Trass i denne utviklinga er fellingsprosenten på kommunalt nivå jamt over låg (figur 2). Samanlikningsvis ligg det gjennomsnittlege årlege uttaket av elg siste 10 år på 465 dyr (Kjelde: Hjorteviltregisteret).



Figur 1. Tal felte hjort (blå linje) i Stjørdal kommune i perioden 1969-2017 (Kjelde: SSB). Oransje søyler angir talet på dyr med individdata som ligg inne i Hjorteviltregisteret sin database for kvart år. Kjelde: Hjorteviltregisteret.




Figur 2. Totalt uttak av hjort i perioden 2009-2017 i Stjørdal kommune (venstre akse, blå kurve) og tilhørende fellingsprosent, tal felte dyr av talet disponible løyver (høgre akse, raud kurve). Fellingsprosenten er basert på at løyver som ikkje vart nytta i eitt år er overført til neste års disponible kvote innan eit vald og innanfor ein bestandsplanperiode. Løyver som ikkje er nytta i løpet av siste året i ein planperiode fell vekk. Kjelde: Stjørdal kommune.

2.1 Tog og trafikk


SSB presenterer kvart år ein oversikt over registrert avgang av hjortevilt som skuldast andre årsaker enn jakt (www.ssb.no/hjortavg). Jamt over er tog og biltrafikk den vanligaste årsaken til slik avgang. Tala frå SSB vert presentert per jaktår (1. april til 31. mars påfølgjande år). Statistikken er tilgjengeleg frå jaktåret 1987-1988. For Stjørdal kommune syner oversikten frå SSB at det i perioden 1987-1988 til 2016-2017 vart totalt 42 hjort drepne etter møte med tog eller bil. 30 av desse hendingane var relatert til tog.

I dag skal funn av fallvilt og trafikkhendingar knytt til vilt registrerast i Hjorteviltregisteret sin fallvilt database (www.hjorteviltregisteret.no/Fallvilt). For enkelte kommunar går registrerte hendingar her tilbake til midten på 1980-talet. I Stjørdal kommune går registreringa av fallvilt av hjort eller trafikkhendingar med hjort tilbake til 2004. Medan SSB sin statistikk berre refererer til tal dyr registrert døde, gir Hjorteviltregisteret sin statistikk også informasjon om rapporterte påkøyrslar der dyr anten ikkje har blitt funne igjen eller har blitt friskmeldt. Tala viser at fram til 2009 var påkøyrslar av tog jamt over den viktigaste årsaka til dei rapporterte tilfella (figur 3). Etter dette er det berre registrert to hendingar knytt til tog. I perioden 2004-2016 var tal årlege registrerte bilpåkøyrslar av hjort mellom 0 og 2. I 2017 vart det registrert 7 bilpåkøyrslar av hjort i Stjørdal (figur 3). Av ukjent årsak er det ikkje heilt samsvar mellom tala som SSB og Hjorteviltregisteret presenterer for avgang av hjort utanom ordinær jakt.

I fallvilt databasen er det registrerte 49 påkøyrslar av hjort i Stjørdal. 31 av desse er kartfesta. Gjennom Hjorteviltregisteret sitt kartpresentasjonsverktøy kan hendingane lokalisert. Figur 4 viser ein oversikt over registrerte påkøyrslslokaltetar.




Figur 3. Tal hjort registrert i Hjorteviltregisteret sin fallviltbase for Stjørdal kommune (n = 79). Kategorien 'Andre årsaker' omfatter funn av døde dyr der årsaka ikkje direkte er knytt til trafikkhendingar. Kategoriane 'Påkøyd av tog/bil' omfatter både hendingar der dyr har blitt drept/avliva og tilfelle der dyr har blitt friskmeldt/ikkje funne. Kjelde: Hjorteviltregisteret.



Figur 4. Lokaltetar for påkøyrslar av hjort i Stjørdal kommune registrerte og kartfesta i Hjorteviltregisteret sin fallviltbase (n = 31). Kvart punkt (blå sirkel og rosa fyll) viser til registrerte enkelthendingar. Det større markerte området langs E14 mellom Fornes og Flora omfatter 20 hendingar.

2.2 Kunnskap om arealbruk og sesongtrekk

På bakgrunn av historisk kunnskap og dei siste åras utvikling i hjortebestanden, har Stjørdal kommune skissert ei avgrensing av kommunens viktigaste hjorteområde (figur 5). Denne avgrensinga stemmer godt over eins med inntrykket basert på opplysningar om påkøyrslar (figur 4). Dette inntrykket er også støtta av informasjonen innhenta gjennom sett hjort og jaktuttaket. Kor vidt det også eksisterer andre systematiserte kunnskapskjelder knytt til hjortens arealbruk gjennom året (eksempelvis vandringsruter, typiske sommar-/vinteropphaldsområde, fôringslokalitetar, beiteskaderegistreringar m.m.) er ikkje kjent for oppdragstakar.



Figur 5. Stjørdal kommune si kartfesting av nye og tradisjonelle hjorteområde.

2.3 Sett hjort


Sett hjort er eit verktøy som baserar seg på systematisk registrering av hjorteviltjegerar sin tidsbruk og dyreobservasjonar under jakt. Instruks for registrering av sett hjort er lagt ut på Hjorteviltportalen (www.hjortevilt.no/sett-elg-og-sett-hjort-2/). Registrering og lagring av sett hjort-data skjer gjennom Sett og skutt (www.settogskutt.no) og Hjorteviltregisteret.

Stjørdal har samla inn sett hjort-registreringar sidan 2004. For perioden 2004-2014 er registreringane derimot i all hovudsak ført som 'sumlinjer' (sum observasjonar, jegerdagsverk/jegertimar per jaktfelt og år). Dette gjer at det ikkje kan skiljast mellom observasjonar og jaktinnsats som er registrert i samband med innmarksjakt versus utmarksjakt. Undersøkingar har vist at det er svært viktig å skilje mellom desse to hovudkategoriane (Solberg et al. 2014). Dette fordi ein jamt over ser fem gongar så mange hjort per jegertime/jaktdag ved innmarksjakt kontra utmarksjakt, og fordi ein tidvis ser tydelege forskjellar i fordelinga av kjønns- og alderskategoriar på dei ulike jaktareala. Frå og med 2012 har ein aukande del av dei registrerte sett hjort-dataene blitt lagt inn på datonivå (figur 6). Frå og med 2015 fjerna Hjorteviltregisteret muligheita for å registrere sett hjort-data som sumlinjer. Om mulig bør alle historiske data leggst

inn på datonivå, slik at tidsserien vert mest mulig komplett og samanliknbar over tid. Tabell 1 viser omfanget av sett hjort-data som per i dag ligg inne i Hjorteviltregisteret på datonivå.

Tabell 1. Oversikt over tal jakt dagar der det er registrert sett hjort-data frå det enkelte jaktvald og år i Stjørdal kommune. Tabellen gir også oversikt over det enkelte jaktvald sitt registrerte valdnummer i Hjorteviltregisteret og tal jaktfelt tilhøyrande det enkelte vald. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

Valdnr.	Valdnamn	Tal jaktfelt	Område	2012	2013	2014	2015	2016	2017
5035V0001	Skatval og Stjørdal	6	Utmark					25	4
			Innmark					8	3
5035V0003	Lånke	18	Utmark					77	53
			Innmark					4	10
5035V0004	Skjelstad- marka	11	Utmark				10	6	3
			Innmark						2
5035V0005	Hegra - Flora	15	Utmark	3		8	66	204	224
			Innmark	1			34	38	46
5035V0006	Forra Sør	3	Utmark	11	46	45	50	38	45
			Innmark		33	32	17	41	72
5035V0007	Nordvaldet (Langstein)	1	Utmark					3	4
			Innmark						1
5035V0037	Forra Nord	9	Utmark				33	56	13
			Innmark					7	12




Figur 6. Jaktinnsats (tal jegerdagar) registrert gjennom sett hjort i Stjørdal. Blå søyler viser den samla jaktinnsatsen utan skilje mellom inn- og utmarksjakt. Frå og med 2012 er sett hjort-dataene i større og større grad lagt inn i Hjorteviltregisteret på datonivå. Dette gir høve til å skilje innmarksjakt frå utmarksjakt. Etter 2015 er alle data lagt inn på datonivå og skilt mellom jegerdagar registrert ved innmarksjakt (raude søyler) og utmarksjakt (grøne søyler). Kjelde: Hjorteviltregisteret.

Eit anna viktig moment ved sett hjort, er at resultata frå slik innsamling blir lett påverka av kva område som er inkludert i datasettet og ikkje. Årsaka til dette er at det kan vere stor variasjon mellom område både med omsyn til bestandsforhold, jaktutøving og observasjonsforhold m.m. Ideelt sett bør derfor alle områda innan eit definert område inngå slik at det geografiske området som dataene kjem frå er konstant. I materialet frå Stjørdal er det stor variasjon mellom år både i forhold til kor mange jaktfelt som har registrert jaktinnsatsen frå hjortejakta, og i kor mange jegerdagar som totalt sett er registrert i materialet frå kommunen (figur 7). Det er nær samvariasjon mellom desse forholda. Figur 8 viser vidare at det er store forskjellar mellom dei ulike valda m.o.t. kor mykje av kommunens totale observasjonsdata kvart jaktvald bidreg med. Figuren viser også at det tidvis er betydeleg mellomårsvariasjon i datamengda som kjem frå kvart jaktvald. Dette skuldast i hovudsak variasjonen i oppslutninga på jaktfeltnivå (figur 7).



Figur 7. Variasjon i registrert jaktinnsats (jeherdagar; venstre akse og blå kurve) og tal jaktfelt som har levert sett hjort-data for det enkelte år (høgre akse og raud kurve). Kjelde: Hjorteviltregisteret.



Figur 8. Fordeling av tal jegerdagar registrert gjennom sett hjort for ulike jaktvald og år i perioden 2004-2017 i Stjørdal kommune. Kjelde: Hjorteviltregisteret.


2.4 Opplysninger frå felte dyr

I Hjorteviltregisteret ligg det inne individopplysningar frå total 780 felte hjort for perioden 2003-2017 (tabell 2). I tillegg ligg det inne opplysningar frå 11 dyr frå perioden 1991-2000. Sistnemnte datamateriale er derimot for sporadisk til at det har verdi i den følgjande samanstillinga. 4 dyr har ikkje opplysningar om alderskategori. Det er ikkje rekna gjennomsnittsalder for eldre dyr då dette materialet er svært tynt.


Figur 9 viser utviklinga i gjennomsnittsvektar for kalvar og eittårige hjort i Stjørdal basert på individdata registrert i Hjorteviltregisteret. Det er ikkje skilt mellom bukkekalvar og kollekalvar i figur 9 og tabell 2. Dette er derimot gjort for eittåringane der ein forventar gjennomgåande større kjønnsforskjell i vektene. Grunna for lite materiale, er det ikkje råd å konkludere eintydig om eventuelle trendar i vektutviklinga for eittåringane. Gjennomsnittsvektene for kalvar er redusert med 0,9 kg i løpet av 15 år. Det skal derimot nemnast at det årlege talgrunnlaget fram til og med 2011 var ≤ 18 dyr, noko som er eit lite talgrunnlag. Det er likevel grunn til å legge merke til endringa som har skjedd i forhold til gjennomsnittleg fellingstidspunkt for hjort i Stjørdal. I perioden 2003-2007 var gjennomsnittlege fellingstidspunktet omkring løpedag 283 (10. oktober i normalår). I perioden 2007-2017 har det gjennomsnittlege fellingstidspunktet blitt ca. 12 dagar seinare (Figur 10). Hjortekalvar vekst raskt i løpet av hausten fram til maksvekt i slutten av november. 12 dagar seinare fellingstidspunkt skulle ha resultert i ei forventa auke i gjennomsnittsvektene hos kalvane på omkring eitt kilo. Figur 9 synest ikkje å reflektere ei slik forventa vektauke. Dette kan tyde på at det i tidsperioden med innsamlinga av data i realiteten har skjedd ein liten vektreduksjon hos kalvane.

Tabell 2. Oversikt over tal felte hjort frå Stjørdal med tilhøyrande individopplysningar som ligg inne i Hjorteviltregisteret for perioden 2003-2017. Tal i parentes i kolonnane for eldre bukkar og koller viser talet dyr som har blitt nøyaktig aldersbestemt. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

År	Kalv	Bukk 1 år	Kolle 1 år	Bukk eldre	Kolle eldre	Bukk ukjent	Totalt
2003	8	2	3	6 (6)	7 (7)		26
2004	3	2	2	8 (8)	4 (4)		19
2005	9	1	5	14 (13)	6 (6)		35
2006	12	4	3	7	3 (3)	3	32
2007	12	5	3	12 (11)	8 (8)		40
2008	10	7	4	20 (20)	6 (6)		47
2009	18	6	2	10 (10)	9 (8)	1	46
2010	0	0	0	0	0	0	0
2011	16	13	7	21	7		64
2012	22	13	7	26	14		82
2013	26	7	10	27	16		86
2014	12	5	3	11	4		35
2015	20	14	8	16	21		79
2016	27	11	12	17	19 (2)		86
2017	40	13	7	23	20		103
Totalt	235	103	76	218	144	4	780



Figur 9. Gjennomsnittsvekter for kalvar (begge kjønn samla) og eittårige dyr felt i Stjørdal i perioden 2003-2017. Kjelde: Hjorteviltregisteret.



Figur 10. Endring i gjennomsnittleg fellingstidspunkt for hjort felt i Stjørdal i perioden 2003-2017. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

2.5 Beiteskader og andre konflikter

Det er opplyst at beiteskader er eit lokalt problem til tider av året. Oppdragstakar er ikkje kjent med at det eksisterer andre opplysningar som tidfester eller kvantifiserer dette på nokon måte. Basert på differensieringa av minsteareal innan kommunen (sjå kap. 3.1), er det forventa at utfordringar med beiteskader er størst i sone 2 som har det lågaste minstearealet. Slike utfordringar har derimot ein tendens til å ha ein svært lokal karakter. Beiteskader på skog, eng eller rundballelager kan derfor ha eit lokalt stort omfang i alle delar av kommunen. Vi reknar med at slik informasjon er kjent både innan dei ulike jaktvalda og av kommunen. Dette er uansett sentrale moment å bake inn i ei langsiktig bestandsforvaltning.

3 Kommunale rammer og målsettingar for forvaltninga av hjort i Stjørdal

I kommunal saksnummer 2014/5830-13 er følgjande mål og prinsipp definert:

«Stjørdalshjorten skal fortsatt kunne karakteriseres som store dyr i god kondisjon.

Målsettingene for hjortebestanden i Stjørdal skal måles mot følgende indekser:

- Sett hjort pr jegerdag skal ikke overstige 0,5
- Forholdet mellom sett kolle pr bukk skal ikke overstige 1,5:1

Avskytingen skal tilstrebes etter en modell der dyrene fordeles i kategori avhengig av alder.

Avskytingsprofilen skal som et utgangspunkt tilstrebes etter følgende kjønns- og aldersfordeling:

- Ungdyr min 60 % (kalv og 1,5 åringer, hvorav kalv min 20 %)
- Bukk maks 20 % (2,5 år og eldre)
- Kolle min 20 % (2,5 år og eldre)

Det skal være rom for lokal tilpasning ut i fra hvordan indeksene i sett hjort er for bestanden. Kjønnssfordeling mellom ungdyrkategoriene bør være 50:50.

- Trafikkdrept (på vei) hjort skal ikke overstige 3 % av tildelt kvote.

All forvaltning av hjort i kommunen tilstrebes å være basert på flerårige bestandsplaner innenfor en rasjonell valdstruktur. Vald bør ikke bli mindre eller flere enn dagens nivå. Dersom målsatte indekser innen perioden ikke oppnår ønsket utvikling eller effekt, skal avskytingsprofilen kunne tas opp til ny vurdering.

Målsetting for bestandsutviklingen av hjort skal utredes nærmere med tanke på muligheter for en differensiering med tanke på hvor vi ønsker økning, stabilisering og reduksjon av bestanden i kommunen.»


Det overordna ønsket for hjorten si bestandsutvikling i Stjørdal er å stabilisere bestanden på dagens nivå (Kjelde: Stian Almestad, Stjørdal kommune).

3.1 Inndeling av jaktvald og soner for ulike minsteareal


Stjørdal kommune er delt inn i sju jaktvald for elg- og hjortejakt (tabell 3, figur 11). Basert for forskjellar i bestandsgrunnlag for hjort, opererer kommunen med tre ulike tildelingssoner med tilhørende minsteareal for tildeling av hjorteløyver (figur 12). Avgrensingane for dei ulike tildelingssonene og tilhørende minsteareal er gitt i 'Forskrift om adgang til jakt og minsteareal for jakt etter hjortevilt, Stjørdal kommune, Nord-Trøndelag (FOR-2017-03-15-430)'. Minstearealet i sone 1, 2 og 3 er omsynsvis 7 000, 1 500 og 20 000 dekar.

Tabell 3. Oversikt over grunneigarorganiseringa av elg-/hjortejaktvald i Stjørdal kommune. Valdnummer, valdnamn og tal jaktfelt er basert på informasjon frå Hjorteviltregisteret. Oversikt over teljande areal og inndeling i ulike tildelingssoner er basert på tal frå kommunen. Alle areal er gitt i dekar. Kjelde: Stjørdal kommune.

Valdnummer	Valdnamn	Tal jaktfelt	Teljande areal	Areal sone 1	Areal sone 2	Areal sone 3
5035V0001	Skatval og Stjørdal	6	62 541	62 541	0	0
5035V0003	Lånke	18	178 000	86 882	70 473	20 645
5035V0004	Skjelstadmarka	11	56 774	44 851	11 923	0
5035V0005	Hegra - Flora	15	214 000	26 608	90 006	97 386
5035V0006	Forra Sør	3	48 002	4 649	37 593	5 760
5035V0007	Nordvaldet (Langstein)	1	19 000	12 632	6 368	0
5035V0037	Forra Nord	9	150 400	2 426	47 364	100 628



Figur 11. Kart som viser plasseringa og avgrensinga av dei sju elg-/hjortejaktvalda i Stjørdal kommune. Kjelde: Stjørdal kommune.



Figur 12. Kart som viser fordelinga av dei ulike sonene for tildeling av fellingsløyver for hjort i Stjørdal kommune. Kjelde: Stjørdal kommune.

4 Dagens forvaltning av hjort i Stjørdal

4.1 Bestandsplanar

Alle jaktvalda i Stjørdal har definerte avskytingsplanar for hjort gjennom gjeldande fleirårige bestandsplanar. Dei to valda Skjelstadmarka og Hegra Flora har egne bestandsplanar for berre hjort. I dei andre valda er det felles bestandsplanar for hjort og elg. Tabell 4 gir ein oversikt over varigheita for dei ulike valda sin noverande og føregåande bestandsplan.

Alle noverande bestandsplanar har dei same målsettingane for kjønns- og aldersfordeling i avskytinga som definert i kommunen sitt måldokument.

Valda Skatval Stjørdal, Skjelstadmarka og Nordvaldet (Langstein) oppfyller ikkje hjorteviltforskrifta sitt krav om at eit vald må ha areal tilsvarende 20 gongar minstearealet for ein gitt viltart for å kunne få godkjent ein bestandsplan. Dette skuldast nok primært at hjorten berre har blitt lagt til ein eksisterande forvaltningsplan for elg. For å oppnå større fleksibilitet og måloppnåing også for den delen som omhandlar hjorten, kan det vere ei løysing å etablere eit felles bestandsplan for hjort på tvers av valdgrenser. I hjorteviltforskrifta er denne type samarbeid definert som 'bestandsplanområde'.

Tabell 4. Oversikt over eksisterande (oransje) og føregåande (grå) bestandsplanperiodane for elg-/hortejaktvald i Stjørdal kommune. Kjelde: Stjørdal kommune.

Vald	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Skatval og Stjørdal									
Lånke									
Skjelstadmark									
Hegra Flora									
Forra Sør									
Nordvaldet (Langstein)									
Forra Nord									

4.1.1 Overføring av restkvoter mellom år

§ 16 i Hjorteviltforskrifta (FOR-2016-01-08-12) opnar for at vald/bestandsplanområde med fleirårige bestandsplan kan få høve til å overføre ubrukte fellingsløyver mellom år innan ein bestandsplanperiode. Det er kommunen sjølv som bestemmer eventuelle grenser for slik overføring, men Miljødirektoratet har i sine kommentarar til forskrifta antydning at omfanget ikkje bør overstige 10 % av det enkelte års fellingskvote.

I Stjørdal kommune er praksisen i dag at alle restløyver frå eitt år, kan overførast til neste år innan ein gjeldande planperioden. Denne praksisen er tenkt som eit verkemiddel for å auke totalavskytinga og bidra til betre bestandskontroll. Det er likevel eit uttrykt ønske at fordelinga mellom kjønns- og aldersgrupper skal vere lik mellom år og samsvare med målsettingane i planen. Likevel er det sluttresultatet ved utløpet av planperioden som vert vektast tyngst og som valda vert målt på.

4.2 Grovt om «jaksituasjonen» i dei ulike valda

- Lånke. Har mykje bukkar og kan skyte meir av det, men dagens tildeling gir ikkje rom for det.
 - Dagens bestandsplan med definert avskytingsprofil avgrensar muligheita for uttak av ein større prosentdel bukk som beiter på innmark på deler av dette valdet. Jegerar og bønder ønsker å kunne ta ut ein større del av skadedyra når

hjorten er på staden. Kommunen trur det er rom for å sleppe til fleire jegerar/jaktlag gjennom betre organisering. Bør sjå nærare på dagens jegerinnsats (sett hjort-data). Jegerane som i dag jaktar på valdet har kanskje ikkje kapasitet til å auke innsatsen ytterlegare (avgrensa ferie og frysekapasitet). Fleire jegerar vil kanskje medføre høgare jakttrykk og dermed auka felling av koller og ungdyr.

- Langstein. Kunne generelt felt meir dyr.
 - *Sannsynligvis det valdet som foreløpig har gjort minst for å legge til rette for auka avskyting. Fleire jegerar og jaktlag kunne jakta hjort her. Mulig same årsak til avgrensing som for Lånke. Det må sleppast til fleire jegerar for å auke jakttrykket på hjort. Elgjakta har førsteprioritet for dei som har storviltjakta her.*
- Kjerneområda (Hegra, Forra sør) kunne felt fleire. Enkelt jaktfelt stangar i taket.
- Skatval og Stjørdal. Utfordringar på jaktorganiseringssida. Tilgjengeleggjering av jakta.
 - *Skatval og Stjørdal har frå og med denne hausten tatt tak i organiseringa, og slepp til fleire hjortejegerar. Det er delt opp jaktfelt for å auke jegerinnsatsen og prioriteringa hjortejakta i området. Det blir spennande å sjå kva dette fører til.*

5 Diskusjonsmøte med representantar frå valda

10. desember 2018 inviterte Stjørdal kommune til eit felles møte der representantar frå alle hjortevalda i kommunen var invitert. I tillegg var dei lokale bondelaga invitert (sjå vedlegg 1, møtereferat). Formålet med møtet var å samle sentrale grunneigarrepresentantar for utveksling av kunnskap og erfaringar omkring hjort, hjortejakt og beiteskadeproblematikk m.m. Hovudtemaet for møtet var: Korleis få til ei meir effektiv bestandsregulering av hjort i Stjørdal kommune? Moment som vart diskutert var:

- Lokale forvaltningsmål for hjorten
- Utfordringar knytt til trafikk og beiteskadar, og korleis vert slike forhold vektlagt i den lokale forvaltninga av hjorten?
- Plan- og jaktsamarbeid
- Utnytting av fleksibiliteten som vald og bestandsplanane gir rom for
 - Overgangsordningar for jegerar
 - Fordeling av jaktløyver mellom jaktfelt innan valdet. Eventuell praksis for omfordeling av løyver mellom jaktfelt.
- Korleis blir det lagt til rette for målretta hjortejakt i dei ulike valda?
- Innsamling av sett hjort og anna grunnlagsdata.

Konklusjonen frå møtet var følgjande:

- Det er grunn til å tru at veksten i hjortebestanden er større enn det utviklinga i fellings-tala tyder på.
- Gitt att valda brukar den fleksibiliteten dei har muligheit til, representerer dagens reguleringar og tildeling av hjorteløyver i liten grad ei praktisk avgrensing for uttaket av hjort i Stjørdal.
- Det er både nyttig og viktig med ein felles møteplass for dei som er involvert i den lokale hjorteviltforvaltninga. Dette både for å utveksle erfaringar, gjensidig orientering om bestandssituasjonen (status og utfordringar) og som nyttig læringsarena.
- På noverande tidspunkt var det liten interesse for å starte prosessen med å opprette eit felles bestandsplanområde for heile Stjørdal kommune.
- Representantane frå valda ga uttrykk for at dei ønska forslag til alternative løysingar for omfordeling av fellingsløyver innan valdet.

5.1 Forslag til alternative modellar for fordeling/overføring av jaktløyver innan vald

Det er valdet som er den juridiske eininga som får tildelt fellingsløyver frå kommunen. Dette betyr at det juridisk sett er valdet som eig løyva. Grunneigarar som er med i eit vald har altså ikkje juridisk rett til fellingsløyver, sjølv om retten til å drive jakt er knytt til eigedomsretten. Der-som eit vald består av fleire jaktfelt, kan løyva fordelast mellom desse einingane. Korleis valdet vel å fordele fellingsløyver bestemmer det sjølv, og enkelte har definert i eigne vedtekter til dette formålet. Det finst ikkje noko lovregulering som definerer korleis fellingsløyver skal fordelast mellom ulike jaktfelt. Ofte skjer dette likevel på bakgrunn av arealgrunnlaget til det enkelte jaktfelt. Dette vert gjerne oppfatta som naturleg, sidan arealgrunnlaget er bakgrunnen for tal fellingsløyver som valdet får tildelt. Fordelinga av løyver skal godkjennast gjennom fleirtalsvedtak. Fordeling av løyver basert på arealgrunnlag, treng derimot ikkje å vere ei rettferdig eller fornuf-tig fordeling ut frå fordelinga av kostnader knytt til hjorten. Det treng heller ikkje vere det beste alternativet i forhold til å oppnå å felle flest mulig av dei løyva som er tildelt.

Jaktfelta er frivillige inndelingar av vald og har ikkje dei same juridiske rettane som valdet i spørsmål om løyvetildeling. Det er ingen offentlege krav til eit jaktfelt, og jaktfelta kan endrast utan søknad til kommunen, utan krav til arealstorleik, samanhengande areal etc. Jaktfelta kan

likevel ha vedtekter som heimlar styring av både jaktutøving og fordeling av løyver om ein vil det slik.

Det er ei kjennsgjerning at kostnader og inntekter knytt til hjorteviltet kan vere svært ulikt fordelt mellom ulike grunneigarar. Omfordeling av fellingsløyver mellom jaktfelt kan vere ein formåls-tenleg måte å utjamne slike forskjellar på. Det er også ei kjennsgjerning at enkelte område innan eit vald gjerne lykkast betre med hjortejakta enn andre. Overgangsavtalar som opnar muligheita for jegerar frå andre jaktfelt til å felle sine løyver på jaktfelt med meir hjort/lettare jakt, kan vere eit verkemiddel for å auke det totale jaktuttaket. Eit anna alternativ er at valdet held tilbake ein del løyver i starten av jakta, som deretter blir fordelt som tilleggsløyver på eit seinare tidspunkt. Nedanfor presenterer vi nokre erfaringsbaserte råd knytt til dei to nemnte verkemid- la.

5.1.1 Overføring av fellingsløyver mellom jaktfelt

Når løyva er fordelt frå valdet til grunneigar/jaktfelt, er det fritt for grunneigar/jaktfelt å samarbeide om felling, avtale overføring av løyver etc. Kva som skal inngå i slike avtalar er opp til dei ulike partane.

Eventuell prissetjing for sal/overføring av løyver mellom grunneigarar/jaktfelt, er fritt mellom partane. Det same gjeld om ein jeger/eit jaktlag feller «sine» løyver på andre jaktfelt enn der løyva i utgangspunktet er tildelt. Tilsvarande gjeld også om jegeren/jaktlaget feller dyr på eige jaktfelt som deretter blir fordelt til andre. Sistnemnte kan vere etter førehandsavtale. Alternativt kan slik overføring skje dersom det vert felt dyr som eit jaktfelt ikkje har ledige løyver til. Dersom det finst eit anna jaktfelt med ledig løyve i den enkelte løyvekategori, kan det felte dyret overførast til dette jaktefeltet. Avtalar/ordningar for overføring av fellingsløyver kan eksempelvis vere basert på:

- Kronebeløp
- Kjøttfordeling etter felling
- Avtalar om bytejakt

Det er ikkje krav om formelle avtalar for overføring av løyver mellom jaktfelt innan eit vald. For å unngå mistolking og usemje, er det likevel tilrådeleg å lage ein enkel avtale. Denne bør omfatte:

- Kven er avtalepartar
- Kva er avtala
- Varighet i tid
- Pris/vilkår

5.1.2 Tildeling av restkvote

Det kan vere fleire årsaker til at eit vald ønskjer å halde tilbake ein restkvote. Enkelte vald har ordningar med «skrapdyr». Skrapdyr som jaktfelte feller går av valdet sin restkvote. I tilfelle der heile eller delar av restkvoten blir fordelt i løpet av jakta, kan dette skje på ulike måtar. Eksempelvis:

- Jaktfelt med høg fellingsprosent på eit gitt tidspunkt.
- Jaktfelt som ønskjer å sikre seg ekstra disponible løyver til seinare i jakta.
- Tildeling som sikrar jamn fordeling mellom alle jaktfelte innan ein planperiode.
- Restkvoten vert disponert av alle jaktfelt etter eit lisensfellingsprinsipp. I slike tilfelle vil heile/delar av valdet sin kvote vere tilgjengeleg for alle jaktfelt. Ei slik ordning vil krevje god kontakt mellom jegerane, jaktfeltansvarleg og valdleinga.

Valdet bestemmer om det skal betalast ei avgift for tildeling av fellingsløyver. Dette gjeld både ordinær tildeling og eventuelle løyver frå ein restkvote. Denne interne avgifta varierer, men ligg

typisk kring kr 1000-2000 pr. løyve. Inntektene går til å dekke drifta av valdsamarbeidet og dekke kommunale fellingsavgifter m.m.

5.1.3 Overgangsavtalar for jegerar/jaktlag

Etter viltlova er det krav om avtale ved utleige av jakt. Overgangsavtalar er vanlegvis lausare avtalar om jaktsamarbeid, og er noko anna enn jaktutleige. Det kan likevel vere ein fordel at også slik aktivitet blir regulert gjennom enkle og tydelege avtalar.

5.1.4 Andre ordningar

Representanten frå valdet Hegra-Flora, fortalte om ei ordning som dei har praktisert med godt hell. Dei deler ut fleire fellingsløyver til jaktfelta enn det bestandsplanen legg opp til for det enkelte år. Dette vert gjort ut frå erfaringa med at dei færraste jaktfelta greier å fylle sin kvote. Enkelte jaktfelt vil på denne måten felle fleire dyr enn det dei i utgangspunktet hadde høve til, men bidrar på denne måten til at valdet i større grad greier å oppfylle dei målsettingane som bestandsplanen legg opp til. Dersom talet felte dyr innan valdet oppfyller talet tilgjengelege løyver, vert jakta stoppa. Ei slik ordning krev god kommunikasjon mellom jaktfelta og valdleinga. Merk også at vald med bestandsplan vanlegvis har fleirårig tildeling som gjer det juridisk mogleg å felle fleire dyr eit enkeltår enn det som den fleirårige fellingsplanen i utgangspunktet gir høve til. Nyttar ein denne fleksibiliteten fullt ut, vil det vere mindre behov for å stoppe jakta eit enkelt år. Tal felte dyr for heile planperioden skal derimot ikkje overstige totalkvoten som bestandsplanen legg opp til.

6 Konkrete tilrådingar for hjorteforvaltninga i Stjørdal

Alt tyder på at hjortebestanden i Stjørdal er i vekst, og at dagens jaktuttak ikkje er tilstrekkeleg for å stoppe denne utviklinga. Etter ein gjennomgang av tilgjengeleg datagrunnlag for hjorten i kommunen og ei statusorientering frå den kommunale forvaltninga og representantar frå valda, vil vi avslutningsvis presentere nokre konkrete forslag som kan vere eigna til å styrke grunnlaget for hjorteforvaltninga og auke jaktuttaket.

6.1 Auka samarbeid innan valda

Dei fleste valda i kommunen har låg fellingsprosent, men det er stor forskjell i grad av kvotefylling i dei ulike jaktfelte. Årsaka til dette er samansett, men det er stort potensiale for betre utnytting av dei løyva som det enkelte vald får tildelt. Vi foreslår at det enkelte vald etablerer ordningar som legg til rette for enklare omfordeling av ubrukte løyver, overgangsordningar for jegerar, og/eller auka hjortejaktinnsats innan det enkelte jaktfelt. Sjå forslag i kapittel 5.1. Det er ikkje aktuelt å etablere ein felles bestandsplan for heile kommunen (eitt bestandsplanområde), men den kan vere aktuelt å inngå valdovergripande plansamarbeid for enkelte av dagens vald. Dette bør i så fall initierast i samband med rulleringa av eksisterande bestandsplanar.

6.2 Felles møteplassar

Felles møteplassar er nyttig for effektiv utveksling av informasjon og erfaringar også i samband med hjorteviltforvaltninga. Dette kan både betre den felles forståinga av mål og utfordringar, og bidra til å harmonisere praksis knytt til eksempelvis innsamling av bestandsdata og utforming av ulike avtalar. Det bør derfor leggjast til rette for at det kvart år vert arrangert minimum eitt møte i kommunen der aktuelle problemstillingar i hjorteviltforvaltninga vert sett på dagsorden. Det er naturleg at kommunen tek ansvar for å arrangere slike møter, og både jegerar, grunneigarar og andre aktuelle aktørar bør inviterast.

6.3 Styrka kunnskapsgrunnlag

For å oppnå styrt og målretta hjorteviltforvaltning, trengst det tydelege mål, gode tiltak og brei oppslutning om desse. Deretter er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag. Kunnskapen kan ha mange opphav, men jakt- og jegerbasert informasjon representerer ei svært sentral kjelde til kunnskap om bestandar av hjort og elg. Ein bør derfor etterstreve at innsamlinga av relevante opplysningar frå felte dyr, og frå jegerane si jaktutøving (sett hjort) vert så fullstendig som råd.

Erfaringsvis ser ein at enkelte jegerar ikkje klarer å klassifisere felte dyr i rett alderskategori. Dette er spesielt tydeleg for kategorien eittårige hodyr. Samtidig har mange bestandsplanar konkrete målsettingar knytt til denne kategorien dyr. Innsamling av kjevar frå felte dyr vil kunne syte for at slike feil vert korrigert. Kjeveinnsamling vil også gjere det enkelt å få aldersbestemt også materialet frå eldre dyr, dersom dette skulle vere av interesse. Om dette blir initiert eksempelvis kvart femte år, vil dette over tid gi ein god indikasjon på kor vidt aldersstrukturen blant eldre dyr endrar seg.

Kostnadssidene knytt til hjorten kan vere krevjande å talfeste på ein god måte. Samtidig er dette viktig kunnskap å trekke inn både i diskusjonen knytt til løyvetildeling og bestandsregulering. Per i dag har det ikkje kome meldingar om at hjorten påfører drivverdig skog nemneverdige skadar i Stjørdal. Lokalt har ein derimot utfordringar knytt til beiteskadar på innmarksavlingar og fôrlager. Slike skadar bør kvantifiserast, slik at denne informasjonen kan gå inn i ei heilskapsvurdering omkring hjorten.

7 Referansar

Solberg, E. J., V. Veiberg, E. B. Nilsen, C. M. Rolandsen, M. Ueno, L. E. Gangsei, M. Stenbrenden, and L. E. Libjå. 2014. Sett elg- og sett hjort-overvåkingen: Styrker og forbedringspotensial. Norsk institutt for naturforskning.

Norsk institutt for naturforskning

NINA Hovedkontor

Postadresse: Postboks 5685 Torgarden, 7485 Trondheim

Besøks-/leveringsadresse: Høgskoleringen 9, 7034 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00, Telefaks: 73 80 14 01

E-post: firmapost@nina.no

Organisasjonsnummer 9500 37 687

<http://www.nina.no>



Samarbeid og kunnskap for framtidas miljøløsninger